



Har du lyst til å vere med på dette?

Det begynner med ungdomstinget!

Ta kontakt med ungdomsleiaren, presten, kateketen eller soknerådsleiaren din, og fortel at du vil vere med på ungdomstinget i bispedømmet ditt.

Eit lite sitat frå Bibelen – der Paulus gir Timoteus eit godt råd. Dette gjeld også for unge i kyrkjedemokratiet: «Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.» 1.Timoteus 4,12




Med rett til å (be)stemme

KORLEIS VIL DU AT KYRKJA SKAL VERE?

Synest du det er spennande å vere med å bestemme? Har du lyst til å skape engasjement og debatt i kyrkja. Da er ungdomstinget ein god stad å begynne. Her kjem ei kort innføring i den demokratiske strukturen i Den norske kyrkja. Kven veit, kanskje nettopp DU er framtidig leiar i kyrkja?

Kyrkja har som oppdrag å forkynne evangeliet. Målet er at fleire menneske skal oppleve at trua og fellesskapet i kyrkja er viktig for livet deira. Eit anna mål er at kyrkja si stemme skal medverke i samfunnet. *Men korleis får vi det til? Kven bestemmer kva kyrkja skal uttale seg om, og kva kyrkja skal meine? Kan kven som helst vere med og forme kyrkja?*

Den norske kyrkja er ein demokratisk organisasjon. Alle døypte er medlemmer i kyrkja, og alle medlemmer har rett til å bestemme. I 1993 sette Kyrkjemøtet som mål at minst 20 prosent av representantane i dei kyrkjelege råda skal vere ungdom under 30 år. Det er viktig for kyrkja at barn og unge får sjanse til vere med på å forme kyrkja. Dei er kyrkja i framtida, men dei er òg kyrkja i notida.



Dei siste tiåra har fleire og fleire unge engasjert seg i dei kyrkjelege råda. Det har også vorte oppretta ein eigen ungdomsstruktur i kyrkja. Her kan du lese korleis dette er organisert:

OPPBYGGINGA AV UNGDOMS-DEMOKRATIET

- Kvart år blir det arrangert *ungdomsting* i alle bispedømme i Den norske kyrkja. Ungdomstinget jobbar med spørsmål som unge er opptekne av når det gjeld kyrkje, samfunn, tru og liv. Sakene blir sende vidare til dei som treng å høyre kva ungdomstinget meiner. Alle medlemmer i Den norske kyrkja som er mellom 15 og 30 år, kan vere med på ungdomstinget.
- Alle kyrkjelydar kan sende to deltakarar til ungdomstinget. Det er soknerådet som sender deltakarane og dekkjer utgiftene til dette. Ungdomsorganisasjonane kan også sende to deltakarar kvar.
- På ungdomstinget blir det valt eit *ungdomsråd* med 6–10 medlemmer. Medlemstalet kan variere frå til bispedømme til bispedømme. Ungdomsrådet er ansvarleg for å følgje opp sakene frå ungdomstinget, planleggje nytt ungdomsting og arbeide med andre aktuelle saker.

- Ungdomsrådet vel kvart år to deltakarar til *Ungdommens kyrkjemøte* (UKM). Ungdommens kyrkjemøte er etablert som ein viktig del av kyrkjedemokratiet. Sakene som kjem frå UKM, blir tekne på alvor. Her blir det òg arbeidd med saker der det er viktig at ungdommane blir høyrde. Dei siste åra har UKM jobba med tema som gudsteneste, kyrkjeordning, psykisk helse, trusopplæring, ungdomsarbeid og mykje, mykje meir.
- Ungdommens kyrkjemøte sender kvart år fire representantar til Kyrkjemøtet. Dei har tale- og forslagsrett.
- På Ungdommens kyrkjemøte blir det valt medlemmer til *Kyrkerådets utvalg for ungdomsspørsmål* (Ufung). Ufung er eit utval som skal vere med og gi råd i samband med det arbeidet Kyrkerådet gjer på ungdomsfeltet. Det fungerer òg som eit slags nasjonalt ungdomsråd. Det følgjer opp sakene frå UKM og har – saman med Kyrkerådet – ansvaret for å planleggje og gjennomføre UKM. Ufung arbeider òg med andre aktuelle saker.

På figuren til høgre er ungdomsdemokratiet teikna inn i dei blå boksane.

KYRKJEVAL OG KYRKJESTRUKTUR

- Alle medlemmene i Den norske kyrkja har stemmerett i kyrkjelege val frå det året dei fyller femten.
- Det er kyrkjeval kvart fjerde år. Kyrkjevalet blir halde samtidig med kommunevalet.
- Det er to val: soknerådval og bispedømmerådval.
- Alle medlemmer i Den norske kyrkja kan stille til val til sokneråd og bispedømmeråd frå det året dei fyller atten.

